

Saksbehandlar: Trude Helen Flåten, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 17/7600-120

Fusjon mellom Origod AS og Mentro AS

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Fylkesutvalet har ikkje merknadar til fusjonsplanen for Origod AS og Mentro AS dagsett 27.08.18.
2. Fylkesutvalet ber eigarrepresentantane til Origod AS og Mentro AS stemme for styra sine forslag til vedtak - slik desse går fram av punkt 5 i vedlagde fusjonsplan av 27.08.18 - på ekstraordinær generalforsamling 01.10.18.
3. For Origod AS ber fylkesutvalet eigarrepresentanten stemme for forslaga i vedlagde innkalling av 27.08.18 om aksjesplitt og vedtektsendringar.

Vedlegg:

- Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Origod, inkludert framlegg til nye vedtekter
- Framstilling av fusjonsplanen frå styret i Origod
- Fusjonsplan for fusjon av Mentro og Origod dagsett 27.08.18

Andre relevante dokument i saka:

- Innkalling til ekstraordinær generalforsamling i Mentro
- Uttale frå revisor
- Siste årsrekneskap, årsmelding og revisjonsmelding for selskapa
- Framstilling frå styret i Mentro
- Rapport frå styra i Origod og Mentro om fusjonen
- Oversikt over bytteforholdet
- Aksjonæravtale for Origod mellom kommunane Flora, Førde, Naustdal, Gaular og Jølster
- Mentro si saksutgreiing om fusjonen

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

I møtet 4. april 2018 vart fylkesutvalet orientert om at styra i Mentro AS (Mentro) og Origod AS (Origod) ønskte å starte ein prosess for å greie ut og legge grunnlag for fusjon av verksemdene. Fylkesutvalet var positive til at selskapa starta ein slik prosess.

Mentro og Origod har no lagt fram ein fusjonsplan for fusjon av verksemdene. Origod er det overtakande selskapet, medan Mentro er det overdragande selskapet. Styra har mål om selskapsrettsleg ikraftsetjing for fusjonen i løpet av oktober.

Både Origod og Mentro har status som arbeids- og inkluderingsverksemdar. Selskapa sitt føremål er å bidra til at personar som står utanfor arbeidslivet kjem i ordinært arbeid eller utdanning. Begge selskapa er godkjende som leverandørar av tiltak i skjerma sektor til NAV. Verksemdene har ikkje høve til å betale utbytte. Overskotet skal brukast til å utvikle og fremje arbeid og kvalifisering. Fylkeskommunen eig 26 % av aksjane i Origo, og 30 % av aksjane i Mentro. Kommunar i fylket, bankar og ulike verksemdar eig resten av aksjane. For meir informasjon om selskapa syner fylkesrådmannen til [Eigarmelding 2017](#), og Eigarmelding 2018 som vert lagd fram for fylkesutvalet 26. september og fylkestinget 19. oktober.

Fusjonssaka skal handsamast på ekstraordinære generalforsamlingar i selskapa 01.10.18. Harald Bjarte Reite og Karianne Torvanger er fylkeskommunen sine eigarrepresentantar til Mentro,

respektive Origod, og skal møte på generalforsamlingane. Ifølgje m.a. delegeringsreglementet pkt. 4.1 og 4.5 og Eigarmelding 2017 pkt. 3.4 utøver fylkesutvalet eigarskapen i selskap på vegner av fylkestinget. Fylkesutvalet førebur handsaming av selskapa sine eigarmøte, og instruerer gjennom dette fylkeskommunen sine eigarrepresentantar, sjå Eigarmelding 2017 pkt. 3.2.1. Fylkesutvalet må i denne saka vurdere om eigarrepresentantane skal stemme for styra sine framlegg til generalforsamlinga om å godkjenne fusjonsplanen for Mentro og Origod.

2. Vurderingar og konsekvensar

Samanslåing av aksjeselskap (fusjon) er regulert i aksjelova kap. 13. Ved fusjon skal styra i selskapa utarbeide ein felles fusjonsplan. I det enkelte selskap blir avgjerda om fusjon gjort ved at generalforsamlinga godkjenner fusjonsplanen med fleirtal som for vedtektsending (2/3).

Styra si grunngeving

Styra grunngir fusjonen slik i den felles fusjonsplanen:

Rammevilkåra for Arbeid & Inkluderingsverksemdar har blitt vesentleg svekka sidan 2016. Dette som følgje av omlegging av tiltaksstruktur og endra rammevilkår frå NAV, meir bruk av anbod frå NAV og at NAV utfører stadig meir av tenestene sjølv.

Som ein konsekvens av dette er talet på tilsette i begge verksemdene blitt redusert, men likevel kan det vere vanskeleg å oppnå lønsam drift og overskot.

Slik situasjonen er blitt, innser styre, leiing og tilsette i begge verksemdene at dagens driftsmodell ikkje lenger er berekraftig og at verksemdene har, og må tilpasse seg endra rammevilkår. Ved å fusjonere skaper ein ny og større samordna organisasjon som vil ha styrke til å møte anbodskrav frå NAV Vestland, ein vil sikre seg eit godt fagmiljø og vil kunne få ein rasjonaliseringsgevinst på driftskostnader i storleiken kr. 2.mill.

NAV Sogn og Fjordane er svært positiv til framlegget om å fusjonere og har tilrådd fusjonen.

Føremålet med fusjonen er å møte denne utviklinga og bli slagkraftig som arbeidsmarknadsaktør i Sunnfjord-området.

Ved å fusjonere har vi større moglegheiter for å utvikle og levere tenester med høg kvalitet for brukarane og å skape solide og trygge arbeidsplassar. Det er vidare eit mål å oppnå ei betre utnytting av samla ressursar, og å vidareutvikle kompetansen og breidda i det samla tilbodet for å møte endra rammevilkår og krav, og slik bli mindre sårbare. Gjennom fusjonen vil NAV kunne disponere tiltaksplassane fritt i den felles bu- og arbeidsmarknaden som Mentro og Origod opererer i. På den måten vil NAV få meir fleksible tenester tilpassa behovet, og vi som tiltaksarrangør kan lettare sikre at tiltaksplassane blir godt utnytta. Brukarane vil få ei betre teneste og høve til jobb ved at verksemda dekkjer eit større distrikt med meir variasjon i samarbeidsverksemdar. [...]

Origod blir etter fusjonen ei verksemd stasjonert i begge dei nye kommunane Sunnfjord og Kinn med arbeidsretta tenester, lokale og arbeidsplassar.

NAV Sogn og Fjordane og NAV Hordaland blir slått saman til NAV Vestland frå 01.01.19. Ifølgje saksutgreiinga til Mentro er NAV-direktøren si vurdering at Mentro og Origod er for små til å overleve i det nye NAV.

Styra i selskapa har i samsvar med aksjelova også utarbeida ei framstilling om fusjonsplanen, og ein skriftleg rapport om fusjonen og kva den vil bety for selskapet. Styra sine framstillingar er stort sett like. Vedlagt følgjer Origod si framstilling av fusjonsplanen.

Verdsetjing, aksjesplitt og fusjonsvederlag

Fusjonen skal gjennomførast ved at Mentro AS - med alle egedelar, rettar og skyldnadar - vert overført til Origod. Som vederlag får aksjonærene i Mentro nye aksjar i Origod, som svarar til tilhøvet mellom verdien av Mentro og verdien av Origod. For utskrivinga av vederlagsaksjar er det ein føresetnad at generalforsamlinga i Origod AS vedtek at talet på aksjar i selskapet blir splitta frå 577 til 577 000, sjå vedlagde innkalling til generalforsamling. Dette medfører at pålydande per aksje blir endra frå NOK 1 000 til NOK 1.

Fusjonsvederlaget består av totalt 405 964 nye aksjar pålydande NOK 1, og skal skrivast ut gjennom kapitalauke i Origod. Aksjekapitalen skal aukast frå NOK 577 000 til 982 964. Aksjeinnskotet utgjer NOK 14 474 048. Av dette er NOK 405 964 aksjekapital og NOK 14 068 084 overkurs. For nærare informasjon om verdsetjing av selskapa og fusjonsvederlaget syner fylkesrådmannen til fusjonsplanen og framstilling frå styret i Origod.

Revisorane til Mentro og Origod har i brev til generalforsamlingane vurdert at grunngevinga for vederlaget til aksjeeigarane i Mentro er rimeleg og sakleg basert på verdsetjinga av selskapa.

Dei tilsette i verksemdene

Ifølgje fusjonsplanen vert dei tilsette i Origod ikkje påverka av fusjonen, og held fram sine tilsetjingsforhold med uendra lønsvilkår og rettar. Tilsette i Mentro blir overførte til Origod med uendra lønsvilkår og rettar. Det går fram av styra sine rapportar at dei tilsette i begge selskapa er informerte om fusjonen, og gitt høve til å uttale seg om samanslåinga i samsvar med reglane i aksjelova og arbeidsmiljølova. Saman med innkallinga har begge selskap lagt ved ein uttale frå tilsette/tillitsvalde, der det går fram at dei tilsette ser positivt på ei samanslåing av Mentro og Origod. Dei tilsette meiner fusjonen vil sikre kompetansen og tenesta på ein betre måte enn dersom verksemdene står åleine.

Styra sine framlegg til vedtak

Styra sine forslag til vedtak går fram av vedlagde fusjonsplan. Styra legg opp til at begge generalforsamlingane skal gjere vedtak om at dei godkjenner fusjonsplanen datert 27.08.18 for fusjon mellom Mentro AS og Origod AS. For Mentro AS inneber dette at selskapet blir oppløyst. Framlegget til vedtak for Origod omfattar også kapitalauke, overdraging av rettar m.m.

For Origod har styret også gjort framlegg om aksjesplitt, sjå avsnittet om verdsetjing, aksjesplitt og fusjonsvederlag ovanfor. Vidare skal generalforsamlinga i Origod handsame styret sitt framlegg til nye, forenkla vedtekter, sjå vedlagde innkalling til generalforsamling.

For meir informasjon om fusjonen, m.a. vilkår for gjennomføring, syner fylkesrådammen til den vedlagde fusjonsplanen.

Mogleg framtidig fusjon med Nærtenesten AS

Styret i Origod har også kort informert aksjonærane om at dei har innleia fusjonsforhandlingar med VTA¹-verksemda Nærtenesten AS i Florø. Dei reknar med at eit forslag vil vere klart om kort tid.

Fylkesrådmannen si vurdering

Endringane av rammevilkåra i bransjen, og samanslåinga til NAV Vestland, medfører utfordringar for arbeids- og inkluderingsverksemdene. Fylkeskommunen er kjende med desse utfordringane gjennom årsmeldingar frå selskapa siste åra. Utfordringane er også omtala i fylkeskommunen si eigarmelding for 2016 og 2017. Fylkesutvalet handsama ei liknande sak om Sogneprodukt AS i møte 25.01.17, sak 6/17. Fylkesutvalet var positivt til fusjonen mellom Sogneprodukt AS, Balestrand Industrier AS og Vik Asvo AS.

På bakgrunn av informasjon frå Mentro og Origod vurderer fylkesrådmannen at eit samanslått selskap vil stå betre rusta for å handtere ovannemnde utfordringar. Ifølgje fusjonsplanen og framstillinga frå selskapa er både styra, leiinga, dei tilsette og NAV tydelege på at samanslåing av Origod og Mentro vil gje tryggare arbeidsplassar, og betre tenester til NAV og brukarane.

3. Konklusjon

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å be eigarrepresentantane stemme for styra sine forslag til vedtak i vedlagde fusjonsplan. Vidare tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet ber eigarrepresentanten til Origod AS stemme for styret sine forslag i innkallinga om aksjesplitt og nye, forenkla vedtekter.

¹ VTA står for «varig tilrettelagt arbeid».